

Til Riksantikvaren  
postmottak@ra.no

Tyssedal, den 12. juni 2024

Dykkar ref. 24/01186 01

## **Uttale frå Kraftmuseet til Riksantikvaren sin handverkstrategi**

Meld. St 16 (2019-2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken* legg grunnlaget for handverksstrategien som no er utarbeidd av Riksantikvaren, og sendt ut på høyring. Kraftmuseet har slike innspel til dokumentet som no er sendt ut på høyring – *Riksantikvarens håndverkstrategi*.

Strategien som ligg føre er ryddig, systematisk og kortfatta i forma. Dette viser at det ligg godt arbeid bak. Vi stussar likevel på kvifor handverksfaga ikkje er lista opp i starten, og kvifor det ikkje er lagt meir vekt på verneverdige handverksfag, sidan ein her har sjansen til å løfte fram sentrale signal på kvifor og korleis desse skal takast vare på. Kva er handverk, utan handverksfaga – og systematisk overlevering av immateriell kulturarv, kunnskap og kompetanse?

Ein av dei tre hovudstrategiane i dokumentet, Strategisk satsing 1, er at *Håndverkskompetansen og -kapasiteten skal styrkes*. Då er det etter vårt syn naudsynt å kople på utdanningssystemet og omtale situasjonen for tradisjonshandverksfaga i dag.

Først i kapittel 10, vedlegg, ved gjennomgang av omgrep nytta i strategien, kan vi sjå at denne tematikken vert teken opp i klårtekst:

«*Begrepet (håndverksfag) brukes også for å beskrive de 40 fagene som Kunnskapsdepartementet mener har et spesielt behov for vern. Disse fagene kalles verneverdige tradisjonshåndverksfag. Eksempler på slike fag er møbeltapetererfaget og trebåtbyggerfaget.*» (Riksantikvarens håndverkstrategi, side 26.)

Vi ønskjer ei konkretisering av kva for fagfelt strategien gjeld, og ser fram til handlingsplanen, som kan bidra til å ivareta tradisjonshandverk generelt. Som eit aktuelt eksempel viser vi til vedlagt kopi av høyringsuttale frå Kraftmuseet til Vestland fylkeskommune, i samband med at landslinja i smedfaget no er trua av nedlegging.

Med venleg helsing

Toralv Mikkelsen

Styreleiar